



## Notat

Dato: 10.09.2014  
Arkivsak: 2014/15396-3  
Saksbehandlar: elibjor

---

<b>Til:</b>	Fylkesutvalet Fylkestinget
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### **Olav H. Hauge-senteret si tilknytning til museumsfeltet og museumsplanmidlane i Hordaland**

I samband med Fylkestinget si handsaming av sak 6/2014 *handlingsprogrammet 2014 regional plan for museum 2011-2015* vedtok fylkestinget følgjande:

*«Fylkestinget ber rådmannen om snarast å leggja fram sak om Haugesenteret, Nynorsk kultursentrum. Målet må vera at museum, som har lagt vekt på fag, og ikkje geografi/region, også må kome inn under Regional plan for museum, og såleis kunne søkja på museumsplanmidlar.»*

Som oppfølging av Fylkestinget sitt tillegg i sak 6/2014 la fylkesrådmannen fram følgjande forslag for Kultur- og ressursutvalet i møtet 13. 05. 2014, sak PS 57/2014 :

«Olav H. Hauge-senteret vert likestilt med dei ni konsoliderte musea som høyrer til under museumsbudsjettet i Hordaland med omsyn til museumsplanmidlar frå og med tildelinga av museumsplanmidlar for 2014.»

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

